

Ørjar Nydal  
Torvund  
6947 LAVIK

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/3698 - 17/20885

Saksbehandlar:  
Siril Therese Sylta  
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:  
11.07.2017

## Tilbakemelding på førespurnad og frist for heving av skøyte ved Straumøy i Lindås

Lindås kommune fekk melding om ei havarert skøyte ved Straumsøyna vinteren 2016. Det vert vist til tidlegare dialog mellom Lindås og Meland brann og redning v/Ole Johan Ingebrigtsen både per telefon og e-post.

Brannvesenet har vore på synfaring på staden to gonger. Båten ligg i fortøyingane sine og delar av styrehuset stikk opp frå sjøen. Det er per no ingen synlege teikn til lekkasje av drivstoff eller liknande frå skøyta.



Båten er ei skøyte i tre på 50 fot.

I e-post med vedlegg frå deg datert 27.06.2017 viser du til at arbeidet med heving av skøyta skal starte i sommar. Du ber om tilbakemelding på om det er mogeleg å sette opp ei brakke på ca. 20 m<sup>2</sup> for å ha ting som skal tørkast og reparerast. Arbeidet med å sette skøyta i stand er estimert til ca. 2 år.

### Varsel om pålegg om heving av skøyta



Det følger av forureiningslova § 7 at «ingen må ha, gjøre eller sette i verk noe som kan medføre fare for forurensning uten at det er lovlig etter §§ 8 eller 9, eller tillatt etter vedtak i medhold av § 11.

*Når det er fare for forurensning i strid med loven, eller vedtak i medhold av loven skal den ansvarlige for forurensning sørge for tiltak for å hindre at den inntreer.»*

Ordlyden «kan medføre fare for» er praktisert slik at det er tilstrekkeleg at det ligg føre ein sakleg grunn til mistanke om at forureining kan skje.

Det er per no ikkje registrert lekkasje frå drivstoff eller anna frå skøyta. Det er meldt frå deg at skøyta har lukka system.

Lindås kommune vurderer det slik at det er ein reell forureiningsfare frå skøyta når den ligg i sjøen med drivstoff og andre miljøskadelege stoffar inntakt i båten. Dette i tillegg til andre gjenstandar som er på båten. På bakgrunn av det må gjerast nødvendige tiltak for å heva skøyta.

Båten ligg i eit kartlagt friluftsområde med viktige interesser. Området Lurefjorden og Lindåsosane ligg og innanfor eit område som er kandidat til marint vern. Dette skuldast mellom anna dei hydrologiske tilhøva. Etter vår vurdering er båten slik den ligg eit forureiningselement som kan få negative verknadar på naturmangfaldet i området dersom forureining skjer. Vidare vil det få verknader for bruk av området til rekreasjon og ferdsel for friluftsliv.

Etter forureiningslova § 7 4.ledd kan kommunen som forureiningsmynde gje pålegg om tiltak for å unngå fare for forureining.

I e-posten din til oss datert 27.06.2017 viser du til at du har planlagt prosessen med heving ila. sommaren 2017.

Vi vil påleggje å rydde opp dersom vi ikkje innan **01.09.2017** har fått ei skriftleg tilbakemelding med foto frå deg med opplysningar om at du har heva skøyta.

Dersom det vert avdekka lekkasje/forureining frå båten ved heving må dette meldast til kommunen straks og avbøtande tiltak for å unngå forureining må iverksetjast omgåande.

#### **Kva kan du gjere no?**

For å unngå pålegg må du/de:

- Heve båten og lense båten for sjøvatn.
- Sende oss ei skriftleg tilbakemelding til postmottak@lindas.kommune.no eller per post til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20 5914 Isdalstø innan 01.09.2017, med opplysningar om at du har heva skøyta og starta arbeida med lensing.


#### **Retts til uttale:**

Har du kommentarar til varselet, kan du senda dei til Lindås kommune innan **to veker** etter at du får dette brevet, jf. forvaltningslova § 16.

#### **Tilbakemelding på spørsmål vedkomande oppsetting av brakke:**

Oppføring av brakke inntil 2 år er eit søknadspliktig tiltak etter plan – og bygningslova § 20-4 bokstav c.

Arealet der du viser at brakka skal plasserast er avsett til landbruk, natur og friluftsføremål (LNF) i kommunedelplanen for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. I kommunedelplanen punkt 4.3 står det at «plassering av mellombelse bygningar, konstruksjonar og anlegg er ikkje tillate». Oppføring av brakka vil såleis vera i strid med gjeldande kommunedelplan. Vidare vil brakka krevje dispensasjon frå byggeforbodet i 100 meters beltet langs sjø, jf. plan og bygningslova § 1-8.



Dersom du vil setje opp brakka må du sende inn søknad om tiltak utan ansvarsrett (blankett 5153) og det må ligga føre grunngeven søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i kommunedelplanen og frå § 1-8 i plan- og bygningslova. Søknaden må nabovarslast. Du må og ha skriftleg løyve frå grunneigar om rett til å plassera brakka der.

Området er eit viktig friluftsområde i kommunen, og administrasjonen vil ikkje vera positiv til oppføring av eit mellombels bygg her.

Vi rår til at du flyttar båten til ein annan eigna stad for reparasjon og i standsetting.

**Andre forhold:**

I e-posten din viser du til at du har løyve frå Bergen Havnevesen til å ha skøyta fortøyd her. Vi ber om at kopi av vedtaket frå Bergen og omland Havnevesen vert sendt til Lindås kommune.

Dersom du har spørsmål i saka kontakt avdelingsleiar Siril Therese Sylta.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Ørjar Nydal

Torvund

6947

LAVIK